


ÅRSMELDING 2020



Regionrådet for
HALLINGDAL



1 Innhold

1. INNLEIING.....	3
2. ORGANISERING OG LEIING.....	3
3. MØTER OG SAKER	5
4. ØKONOMI.....	9
5. UTTALER OG HØYRINGAR	9
6. VERV.....	9
7. OPPSUMMERING OG FRAMTIDSUTSIKTER	10

1. INNLEIING

Hallingdal har ei lang historie med regionalt samarbeid. Det formelle interkommunale samarbeidet starta så tidleg som i 1952 gjennom etableringa av Samarbeidsnemnda for Hallingdal, som var ordførarane i dei 6 kommunane. I 1973 vart Hallingdal den fyrste regionen i landet som fekk sin regionplan, og i 1984 vart det etablert eit regionråd med to representantar frå kvar kommune, der ein var ordføraren. Dagens ordning kom i stand 1999.

Regionrådet for Hallingdal er eit samarbeids- og interesseorgan for kommunane i Hallingdal. Rådet arbeider for å utvikle regionen med særleg vekt på nokre prioriterte satsingsområde. Rådet varetek interessene til regionen overfor fylke, stat og andre organ på region-, fylke- og riksplan.

2. ORGANISERING OG LEIING

Hallingtinget er det øvste formelle organet i Regionrådet, med 5 representantar frå kvar kommune, der den eine er ordføraren. Dei andre representantane er leiar/nestleiar av hovudutval/sektorutval og/eller medlemmer av formannskapet.

Desse har utgjord Hallingtinget for perioden 2019 – 2023.

Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nesbyen	Flå
Petter Rukke ordførar	Solveig Vestenfor ordførar	Heidi Granli ordførar	Pål Rørby ordførar	Tore Haraldset ordførar	Merete H.Gandrud ordførar
Hanne Haatuft	Ole Egil Trintrud	Herbrand Jegleim	Petter Owesen	Geir Olav Garthus	Sigrid Hauglann Grimeli
Sigrid Simensen Ilsøy	Tore Bøygard	Leif Norhaug	Helene Sagabråten	Heidi Hovind Sezer	Tor Egil Buøen
Martin Grøslandsbråten	Anne Vetteren Grøthe	Tom Rune S Blakkestad	Andreas Smith- Erichsen	Bård Heio	Geir Vidme
Nina Dalen	Jørund Li	Kristin Bakke Haugen	Norunn Rivedal	Linda Støvik	Sigrid Ingeborg Gislerud

Ordførarane utgjør Regionrådet for Hallingdal. Solveig Vestenfor er rådsordførar for perioden og Pål Rørby er varaordførar. Rådmenn/kommunedirektørar i alle kommunar er med på alle møte i Hallingting og Regionråd, med tale- og forslagsrett.



Regionrådet for Hallingdal

I tillegg er Viken fylkeskommune representert i alle møter med fylkesråd Tonje Brenna, og fylkestingsrepresentantane Iseling Haugo og Magnus Weggesrud. Administrasjonen i Viken fylkeskommune er også med på møte i Regionrådet

Regionrådet sin administrasjon

Dagleg leiar: Knut Arne Gurigard fram til 31. mai 2020. Etter 1. juni seniorrådgjevar i 50%
Jan Olav Helling frå 1. juni

IKT koord. Knut Jakob Larsen

Reknskap/IT Målfrid Dusegard

Prosjektleder Linda Dalane Bjerke



I juni gjekk Knut Arne Gurigard gjevk av som dagleg leiar etter 25 år i stillinga. Jan Olav Helling overtok

3. MØTER OG SAKER

I 2020 var det 2 møter i Hallingtinget og 16 saker vart handsama. Regionrådet hadde 8 møter og handsama 71 saker.

Av større hendingar og saker som har vore arbeida med i 2020, kan nevntast:

HALLINGDAL - VIKEN

Frå 1.1.2020 vart Hallingdal ein del av Viken fylkeskommune. Regionrådet har i 2020 hatt tett og god dialog med både politisk- og administrativ leiing i fylkeskommunen, og me har etter beste evne profilert oss som fjellregionen i Viken, utmark, nasjonalparkar, fjellandbruk og variert reiseliv. Øvre Buskerud har ein vesentleg del av det distriktpolitiske verkeområde i Viken. Regionrådet for Hallingdal har teke til orde for at Hallingdal treng andre verkemiddel enn sentrale regionar når det gjeld t.d. stimulering av næringslivet, samferdselsløyser og kollektivsatsing, klimatiltak, og tiltak som er viktige for at folk skal koma til Hallingdal, trivast her, bli verande her og ha ei oppleving av god livskvalitet. Me vil innarbeide dette i ei eigen partnerskapsavtale med fylkeskommunen som skal vera klar i løpet av fyrste halvår 2021. Me har og jobba for at Viken skal etablere eit eige utviklingskontor i Hallingdal som skal ansvar for å ivareta kompetansebehova på vegne av Viken knytt til t.d distriktpolitikk, planarbeid og samferdsel.

HALLINGDAL SOM FELLES BU– OG ARBEIDSMARKNADSREGION

Hallingdal må i stor grad må ta ansvar for utvikling av arbeidsplassar og rekruttering. Dette er eit viktig og langsiktig arbeid som har hatt fokus både i Regionrådet og på Hallingtinget. I 2020 har det vorte jobba med fleire tiltak for å få folk til regionen og sikre rekruttering av arbeidskraft til Hallingdal. Oppfølging av "Det er folka som teller», etablering av «jobb i Hallingdal» ein digital «møteplass» for arbeidsgjevar, arbeidssøklar og personar som ser på Hallingdal som framtidig arbeidsplass, og revitalisering av arbeidet i Næringsforum Hallingdal er nokre av tiltaka som har vore jobba med, og som vil bli utvikla vidare i 2021.

YRKESMESSE. 8. og 9. januar 2020 vart Yrkesmessa i Hallingdal arrangert på Storefjell. 1000 ungdom frå heile regionen var innom og Målet er å gi ungdom betre innsikt i mangfaldet som finst i lokalt næringsliv, og kva moglegheiter dei har for jobb i Hallingdal etter endt utdanning. Opplæringskontor frå ulike bransjar og ei rekkje lokale bedrifter inviterast derfor til å fortelja om sin arbeidskvardag og vise moglegheitene som finnes. Elevane oppfordrast til aktiv deltakelse og utprøving av alt frå verktøy, maskiner, matlaging og anna som benyttast i dei ulike yrkene. Representantar frå ulike høgskular og fagskular er også representert.



NORSK REISELIVSFAGSKOLE

Norsk Reiselivsfagskole, med fagskuleutdanningane Reiseliv og opplevelsesutvikling og Hotell- og restaurantdrift vart opna i august 2020 og det fyrste kullet med studentar er i gang med si utdanning. Regionrådet for Hallingdal var prosjekteigar i planleggings- og etableringsfasen og skulen vart etablert i nært samarbeid med fylkeskommunen, reiselivsnæringa, kommunane i Hallingdal og Fagskolen Tinius Olsen som skal vera ansvarleg for drift av skula. Det vert også jobba med utviding av fagskuletilbodet, til også å gjelde helse og oppvekstfag.



HALLINGDAL

UNGDOMSRAÅD. Som ein del av arbeidet med rekruttering og omdøme er ungdom ei sentral målgruppe. HUR er eit aktivt og viktig organ. Ungdomsrådet har tett kontakt med Regionrådet og fungerer som eit rådgjevande organ for å fremje ungdom sine meiningar. Dei har m.a engasjert seg i prosjektet «Grøn Vekst Hallingdal» og gitt innspel til Startegisk Plan Hallingdal. Då koronaepidemien råka tok regionrådet initiativ til å

kjøre inn munnbind til alle elevar på ungdomsskule og vidaregåande skule. Dette vart delt ut saman med reflekskampanjen som HUR har teke initiativ til.

LIVSKVALITET

Me har hatt for lite kunnskap om kva som gjev liva våre verdi, om livskvaliteten for den einskilde, om kor tilfreds me er og kva er det som gjev livsglede og oppleving av meining? Difor vart det i 2019 gjennomført ei spørjeundersøking for å kartleggja livskvalitet, der Hallingdal har vore ein pilot, **Koss har du det?** I 2020 har me jobba vidare med dette og fått presentert nokre av funna som forskarane ved FHI har kome fram til. I rapporten «Slik har me det» vil me få nødvendig kunnskap, for å kunne gjera gode grep for den framtidige regionale utviklinga i Hallingdal. Me ynskjer å utvikle ein region som det skal vera godt å bu i, der kommunane på best mogeleg vis kan leggje til rette for gode liv. Hallingdal har ved fleire høve synt seg å vera ein framoverlent region. No er me av dei fyrste regionane som innfører livskvalitet som sentralt kunnskapsgrunnlag og styringsverktøy for samfunnsutviklinga. Ut frå ei tru på at livskvalitet er grunnlaget for gode liv, regional utvikling og omdømebygging.



SAMFERDSEL har også i 2020 vore ei høgt prioritert oppgåve, der hovudvegane gjennom Hallingdal, fjellovergangar og Ringeriksbane og vore dei viktigaste. I sak 10/20 handsama regionrådet innspel til NTP 2022-2033, Ringeriksbanen/E16 (FRE16) er høgt prioritert frå Hallingdal si side. Når det gjeld veg er Vegpakke Hallingdal (Ørgenvika – Gol) fyrste prioritet, framfor tiltak på Rv7 vest for Gol og Rv 52. Regionrådet har vore sterkt delaktig med å påverke politiske prosessar som vil vera avgjerande for framdrifta til «Vegpakke Hallingdal» og realisering av Ringeriksbanen og 4-felts veg til Hønefoss. Det har vore stor møteverksemd med Viken fylkeskommunen, Forum Nye Bergensbanen, jernbanedirektøren og sentrale myndigheiter i departement og på Stortinget fram mot mars 2021 då regjeringa la fram sitt forslag til Nasjonal Transportplan for perioden 2022 – 2033.

DEFA OG NORTURA

Hallingdal er avhengig av eit variert og framtidretta næringsliv. I 2020 har regionrådet arbeidd aktivt for at DEFA skulle legge sin produksjonen av ny generasjon ladekablar for el- og hybridbilar til sin fabrikk i Nesbyen. Det var ein stor dag for Hallingdal då DEFA i nov. bestemte seg for Hallingdal og Nesbyen. Produksjonen vil kunne gi 50-100 arbeidsplassar over ein periode på fem år. Planlagt produksjonsstart er juni 2021.



Regionrådet har og engasjert seg i arbeidet for å utvikle Nortura sitt anlegg på Gol, i fyrste omgang er det sett i gang eit arbeid med ei forstudie/mogelegheitsstudie som skal vera klar i byrjinga av 2021.

STRATEGISK PLAN HALLINGDAL

På møte i Hallingtinget 19. juni starta arbeidet med å rullere strategisk plan Hallingdal. Det vart vedteke nye innsatsområde som skal erstatte dei frå førre plan (sjå fig.)

Innsatsområda er:

- NÆRINGSLIV OG KOMPETANSEUTVIKLING
- INFRASTRUKTUR
- KLIMA OG MILJØ
- ATTRAKTIVITET OG OMDØMME
- KOMMUNALTENESTEUTVIKLING



Frå juni har det vore involvering både politisk, og administrativt i kommunane, samt at næringsliv og lag og organisasjonar har vorte teke med i prosessen. Planen skal vedtakast i Hallingtinget i juni 2021.

BREIBANDSUTBYGGING

Dei siste åra er det investert mykje i breibandutbygging i Hallingdal. Hallingdal Kraftnett har stått for store delar av utbygginga, og har til no brukt om lag 260 mill. kroner. I eit samarbeid med Regionrådet for Hallingdal har utbygginga utløyst i overkant 20 mill. kroner i statlege og fylkeskommunale løyvingar. I 2020 signerte Regionrådet avtale med HKN om breibandutbygging i Hol kommune: Hagafoss – Kvisla, Ål kommune: Sandø – Liagardane, Gol kommune: Øygardane inkl. Robru, Hemsedal kommune: Huso – Eikre, Nesbyen kommune: Bromma og Flå kommune: Stavn. Denne utbygginga skal vera ferdig i 2021. I 2020 vart Hallingdal etter søknad tildelt 5,35 mill. kroner. Midlane skal nyttast 6 nye delområder (Flå østside, øvre del av Rukkedalen, Golreppen, Thorset, Votndalen og Dagali). Det vil vera ein felles anbudsprosess i regi av Viken fylkeskommune, fyrste halvår 2021.

IMA - HALLINGDAL SJUKESTUGU

Intermediær avdeling (IMA) ved Hallingdal sjukestugu vart teken i bruk i 2016. IMA har 20 sengeplassar, der 10 senger tilhøyrer spesialisthelsetenesta, og 10 senger er kommunale. Driftsbudsjettet for IMA låg i 2020 på om lag 37,5 mill. der RSS dekker 60% og kommunane 40%. Sidan oppstarten har det vore utfordrande å få til ein berekraftig beleggprosent på 82% og det har vore sprik mellom kommunane i den



grunnleggjande tenkinga om interkommunalt samarbeid og forholdet mellom lokalt ansvar og felles ansvar. Med bakgrunn i dette vart saka drøfta på regionrådsmøte den 28 august, Regionrådet var einige i at avtala burde sjåast på og det vart i sak 42/20 fatta slikt vedtak: «Regionrådet viser til pkt. 7 i avtala og ber dagleg leiar utarbeide nye alternative forslag til avtale som ivaretek felles regionalt ansvar og kostnadsrisiko»

Saka er ennå ikkje avgjort, men dei mange gode drøftingar i 2020 har vist at det er stor vilje til å få til ei avtale både for å sikre eit godt helsevesen i Hallingdal, men og ta vare på og styrke det regionale samarbeidet.

NÆRINGSLEVING OG KORONA

Turistnæringa er ei av dei viktigaste næringane i Hallingdal, og andre næringar som t.d handel bygg- og anlegg er avhengig av reiselivet. Hallingdal har ein noko einseitig næringsstruktur og då koronakrisa kom i mars 2020 viste det seg at næringa var svært sårbar på grunn av dette og at arbeidsløysa var stor. Regionrådet har brukt mykje tid på å hente faktagrunnlag, ha dialog med næringa sjølv og sentrale myndigheiter og arbeide med konkrete tiltak. Eit av desse tiltaka var å søke regionale omstillingsmidlar gjennom det me har kalla «sats på Hallingdal. Sats på Hallingdal. «Sats på Hallingdal» skal skapa nye og sikre eksisterande arbeidsplassar, auke konkurransekraft i eksisterande og nye bedrifter og auke utviklingsevna i næringslivet.

4. ØKONOMI

Rekneskapet til Regionrådet for 2020 viser eit meirforbruk (underskot) på drifta på kr. 53 487,14. Underskotet kjem i hovudsak av utgifter til eit arrangement hausten 2020, datautstyr til ny dagleg leiar og auka utgifter til revisjonen

Det var budsjettert med totale driftsutgifter på kr. 2.912.000 og inntekter på kr. 2.912.000 inklusive kr. 600.000 i eigeninnsats på prosjekt.

Disposisjonsfond var 31.12.2020 på kr. 487 298,81 mot kr. 724 584,88 året før

5. UTTALER OG HØYRINGAR

Regionrådet har gjeve uttale til følgjande saker i 2020:

Sak 10/20 Nasjonal Transportplan 2022 – 2033, innspel til Viken fylkeskommune

Sak 24/20 Uttale domstolsstruktur

Sak 41/20 Innspel til partnerskapsavtale med Viken fylkeskommune

Sak 45/20 Høyringsuttale regional planstrategi

6. VERV

For valperioden 2019 – 2023, eller når tiltak er avslutta er desse valt:

FORA/TILTAK	MEDLEM	VARA
Rådet til Fjellnettverket	Heidi Granli Pål Rørby	Tore Haraldset Merete H. Gandrud
Styret for Fjellnettverket (kandidat)	Solveig Vestenfor	
Styre for Hallingdal Næringshage	Merete H. Gandrud	
Fagrådet i Hallingdal Etablerersenter	Heidi Granli	
Styre Forum Nye Bergensbanen	Heidi Granli	
Representant til SLT	Petter Rukke Tore Haraldset Merete H. Gandrud	
Styre for Hallingdal Folkehøgskule	Solveig Vestenfor	
Styre IS Rv7	Tore Haraldset	
Arbeidsutval Forum Nye Bergensbanen	Knut Arne Gurigard	
Arbeidsutval Fjellnettverket	Dagleg leiar	
UngInvest AIB avdeling Hallingdal	Pål Rørby	
Styringsgruppe Norsk Reiselivsfagskole	Petter Rukke Knut Arne Gurigard	
Toppidretsregion Hallingdal	Petter Rukke	

7. OPPSUMMERING OG FRAMTIDUTSIKTER

Hallingdal er på mange måtar ein atypisk distriktsregion. Me har ikkje hatt stor befolkningsvekst, men klarar oss bra samanlikna med andre distriktsregionar. Me er ein av få distriktsregionane som skårar høgt på bustadattraktivitet og me har eit næringsliv som rett nok har mindre vekst enn alle andre regionar i Viken, men som har klart seg på grunn av ei turistnæring som har vore ein sentral drivar for utvikling og vekst. Då landet vart stengt ned 12. mars 2020 endra dette seg totalt og me fekk til fulle erfare at også dette område er svært sårbart. Store delar av næringslivet vart ramma og mens mellom anna handel og bygg og anlegg delvis kom på fote att utover sommaren har den tradisjonelle turistnæringa, overnatting, servering og opplevingar hatt ein svært vanskeleg periode. Kommunane, næringa sjølv og Regionrådet har jobba hardt for å sikre dei bedriftene som er råka av nedstenging, for å få på plass kompensasjonsordningar som treff og for å redusere skaden som mykje som mogeleg. På lengre sikt må Hallingdal ta grep og gjera noko med den sårbare situasjonen både når det gjed arbeidsplassar og demografiske utfordringar.

I 2020 vart det lagt fram to NOUar, ein frå Distriktsnæringsutvalget som såg på «*Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn*» og ein frå Demografiutvalget; «*Det handler om Norge*».

Utfordringane som blir presenterte i desse NOU-ane, er langt på veg dekkjande for Hallingdal. Færre i arbeidsfør alder, fråflytting, fødselsunderskot og mangel på arbeidskraft med relevant kompetanse. Regionrådet teke til orde for ein politikk som stimulerar næringslivet og som byggjer på- og utviklar ressursgrunnlaget i Hallingdal. Hallingdal treng fleire innbyggjarar, fleire arbeidsplassar som krev høgare utdanning, me treng kompetent arbeidskraft for å halde oppe viktige offentlege tenesteområde, næringsliv og for å utvikle levande bygder og me treng større variasjon i næringslivet. Regionrådet i 2020 vore tydelege på at det i større grad bør satsast på næringsutvikling og tilflytting til fjellområda. Innspela til planarbeidet i Viken, partnerskapsavtale med Viken, høyringssvar på NOU-ane og dialog med sentrale myndigheiter kan oppsummerast slik:

- Me treng ein eigen distriktpolitikk for å behalde levande lokalsamfunn
- Auke inntektsgrunnlaget til distrikta ved å vurdere sjå på skatte og avgiftspolitikken og inntektsgrunnlaget til kommunane. Nytte brukartal og ikkje innbyggjartal som utgangspunkt.
- Me treng drahjelp for å oppretthalde folketalet
- Tilrettelegging for berekraftig næringsutvikling, m.a styrke fjell-landruket og bidra til heilårs arbeidsplassar i reiselivet.
- Etablering av ny, variert og framtidretta næringsverksemd eks. plass- og kraftkrevjande, eller verksemdar som opererer i ein digital marknad der lokalisering er mindre viktig.
- Bidra med regionale omstillings/utviklingsmidlar som tiltak for viktige for innovasjon og nyetablering. (dette har me no fått)
- Statstilsette og statlege arbeidsplassar
- Sikre tilgang på kompetent arbeidskraft
- Sikre betre infrastruktur, veg, bane, breiband

Mykje av dette kan me gjera sjølv gjennom vårt eige strategiarbeid, og noko må me samarbeide med Viken og sentrale myndigheiter for å få til. Strategisk plan for Hallingdal vil sette fokus på bulyst og blilyst, arbeidsplassutvikling, kunnskapsmiljø og næringsliv. Hallingdal sin attraktivitet som buområde og for næringslokalisering skal styrkast og

regionen må profilera seg endå betre enn i dag. Ungdommen er den viktigaste ressursen i det framtidige Hallingdal. Me treng ungdom som kan og vil omstille og nyskape ut frå eigen kompetanse og ut frå lokale ressursar og behov. Regionen må arbeide aktivt for å gje ungdommen innsikt og tru på ei framtid i Hallingdal. I denne samanheng er fleire av tiltaka i strategisk plan viktige verktøy.

Hallingdal har vist at samarbeid, kreativitet og offensiv tenking er eit godt grunnlag for ei positiv utvikling. Me er av landets største reiselivsregionar, me har 18000 hyttehallingar i dalen, det skjer spennande ting i industrien og dette gir oss både nokre konkurransefortrinn og moglegheiter. Derfor har me stor tru på at me, saman med Viken og sentrale myndigheiter har det som skal til for å skape attraktive og aktive lokalsamfunn med spennande og trygge arbeidsplasser der folk trivast.

Hallingdal 22. april 2021

Jan Olav Helling
Dagleg leiar i regionrådet